

Konfirmant - 2021

"Saman med venner, saman med Jesus, saman for andre!"

Informasjon til konfirmanten og føresette!



www.samnanger.kyrkja.no

Konfirmant - 2021

"Saman med venner, saman med Jesus, saman for andre!"

Konfirmantåret består av nokre **obligatoriske** deler som høyrer saman:

1. Temasamlingar **kl.18.00 – ca 20.30**

i kyrkja på Haga to tysdagar kvar månad.

Etter kl 20.15 er det høve til å vera igjen og «henga» eller spela biljard og andre spel i ungdomslokalet til kl 21.00.

2. "KRO" **kl 18.00 – ca 20.30**

... ein tysdag for månaden

På ein kro-kveld er det lovsong, gjester på besøk, bønnevandring og frukt og drikke etterpå. Kroene er opne for alle som vil vera med, vaksne og ungdom, frå 8. klasse.

3. Konfirmantleir

Konfirmantleir på Wallemtunet på Kvamskogen 11.-13.09.2020 og 12.-14.03.2021?

4. Gudstenester

Konfirmantane skal totalt ta del på minst 10 gudstenester i løpet av året (presentasjonsgudsteneste, lysmesse, samtalegudsteneste og konfirmasjonsgudsteneste pluss minst 6 i tillegg).

5. SamZam-prosjektet

Søndag 17.-21. mars 2021 vert det **innsamlingsaksjon** til skulen som kyrkjelyden driv i Zambia – «SAMNANGER FAITH ACADEMY». Bøsseaksjon i heile bygda!

Ein tysdag for månaden har konfirmantane fri.

Konfirmant - 2021

"Saman med venner, saman med Jesus, saman for andre!"

Andre viktige hendingar i konfirmantåret :

- **Sundag 6. september 2020 kl 11.00** vert det **gudsteneste med konfirmantpresentasjon**. Det er utdeling av Bibelen. Kyrjekaffi/saft og kaker etterpå for heile familien!
- **2. mai** blir konfirmasjonsdag våren 2020.
Det vert to gudstenester denne dagen, slik at alle som vil koma i kyrkja kan få plass. Tidene vert **kl 10** og **kl 12** . (Konfirmantane vert delte i to grupper)
Fotografering av heile gruppa skjer mellom gudstenestene.

Elles nemner me ...

- **Eigenbetaling kr. 1350,-** Konfirmantundervisninga vert dekket av kyrkjebudsjettet. Men for at konfirmantane skal få reisa på leir og gjera andre kjekke ting som kostar litt, ber me om at foreldra støttar med ei eigenbetaling. Om nokon har problem med å betala dette, kan dei be om å få delt opp beløpet, om reduksjon eller fritak (Ta kontakt med presten).
 - **"IMPULS 2021" – Ungdomskonferanse i Stavanger**, er 29.-31. januar (Frivillig)
 - ... at det kan verta **endringar** i konfirmantopplegget undervegs.
 - ...at du gjerne kan tenkja gjennom kva det vil seia for deg å vere med på konfirmantførebuinga. Vi vil at du gjer det **«etter beste evne og vilje»**, slik det står på innmeldingsarket. Vi ønsker frå kyrkja si side å gjera **vårt aller beste** for at du skal få ei kjekk og meiningsfull konfirmanttid.
 - Vel møtt til spennende og viktige dagar neste skuleår!

Beste helsing

David Vogel
Sokneprest

Julie Langeland Vevle
Ungdomsarbeider

KORLEIS MELDA SEG PÅ TIL KONFIRMANTÅRET ?

Send inn :

Fyll ut elektronisk skjema på nett på <https://minkirkeside.no/samnanger> saman med foreldre/føresette. For meir informasjon, sjå heimesida til kyrkja: www.samnanger.kyrkja.no. (Her ligg også dette skjemaet).

Innmeldingsfrist: onsdag 1. juli 2020

Konfirmant - 2021

"Saman med venner, saman med Jesus, saman for andre!"

• **KVIFOR KONFIRMANT ?**

- **Fordi konfirmantåret** er eit år i livet ditt der du har eit spesielt høve til å finna ut av kva som er viktig i livet, - kva som betyr noko ...
- **Fordi** du har høve til å finna ut meir om kristen tru og Jesus ... Han har sett spor i historia, og han set spor i menneske sine liv i dag. Kven er han?
- **Fordi** du vert invitert til å **oppdaga** både meir av kven Gud er, kva han har gjort for oss, og kven du sjølv er.
- **Fordi** fellesskapet dette året er spesielt.
- **Fordi** me har det gøy i lag.

• **KVEN KAN VERA KONFIRMANT?**

- Den som går i **9.klasse**.
- Den som **melder seg inn** til konfirmantførebuing - og som **«etter beste evne og vilje vil ta del i konfirmantførebuinga»**.